

O S T E R Ø Y I D R O T T S L A G

Fri-idrottsgruppa

ÅRSMELDING FOR SESONGEN 1979/80:

Styret for Fri-idrettsgruppa i året var:

Formann: Øystein Fossdal

Medlemar: Karl Johan Reigstad

Magnus Borge

Jørn Vad

Kåre Gunnarskog

Oppmann for jenter/gutar: Karl Johan Reigstad

-----"----- Jun/senior: Jørn Vad

_____ "----- Veteranar: Magnus Borge

Trening:

I haust og vinterhalvåret 79/80 har det ved Valestrand og Haus skule vore trening for born og vaksne. Det kom òg igang trening for vaksne 2 gonger i veka ved Fitje skule.

Me har òg hatt med deltakarar på treningsleir i Rosendal.

Banetreninga for jenter og gutar på Valestrand har i heile sesongen hatt aktiv deltaking. Derimot har det vore svært vanskelig å samla dei vaksne til fellestreningar. Stafett og banesesongen har av den grunn vore heller dårleg.

Stevner:

Gruppa har arrangert 3 stevner i hopp utan tilløp.

Lagsmeisterskap i terrengløp vart halde på Småland, og fekk bra deltaking.

Vi har arrangert 5 banestevner.

To seriestevner, eit nasjonalt stevne for jenter/gutar, eit nasjonalt stevne for junior, senior og veteranar.

Saman med Mjøsdalen il stod vi som arrangør av Osterøy-mesterskapen i fri-idrett.

Sesongen 1980:

Gutar og jente klassane:

Vi har deltatt i desse stafettane:

Kvernbitstafetten.

Alvidra stafetten

Stafett Nygårsparken: Nr. 1 gutar

Brekke stafetten: Nr. 4 jenter kl. A

Iris stafetten: Nr. 1 gutar kl. 1

Nr. 2 jenter kl. 2

Nr. 3 gutar kl. 3

Plasseringar i større stevner:

KM -terrengløp: 69 Irene Lone nr.2

KM -enkeltøvingar: 68 Marta Rongved nr. 1 i høgde.

nr. 2 i 60 m hekk.

Nr. 3 i 4 x 100 m stafett jenter 68-69.

69 Gjermund Skjerping nr. 3 800m.

KM -firkamp: 66 Irene Stamneshagen nr. 3.

66 Jørn M Kallekleiv nr. 3.

Gneistspelen: 69 Irene Lone nr. 1 100 m.

69 Synnøve Elvik nr. 4 100 m.

68 Marta Rongved nr. 1 i høgde.

69 Gjermund Skjerping nr. 5 800m.

Nr. 3 på 4.x100 m stafett gutar 67 - 69

Nr. 3 på 4 x 100 m stafett jenter 67 - 69

Serien; Jenter 3. divisjon 17883 poeng mot 16819 i 1979. 2

Jenter 4. divisjon 11521 poeng

Gutar I. 4. divisjon 17523 poeng mot 16819 i 1979.

Gutar II. 4. divisjon 15673 poeng.

Som ein ser kan ein visa til fine resultater og stor framgang for jente og guta klassane, og ein ser fram til ein ny sesong med desse.

Seniorgruppa:

Denne gruppa har hatt ein heller dårleg sesong, Då det ikkje vart satsa på å stilla lag i Holmenkollstafetten vart det vanskelig å få folk til å satsa på denne sesongen.

Vi stilte lag i Ask stafetten og Breimstafetten.

Dette var første gongen vi var med i Brøkkestafetten, og dette var ein stafett som frista til gjentagelse.

Vi plasserte oss som nr. 2 i klassa for nye deltakarar.

Banesesongen vart heller dårleg, og det er ingen gode resultat er å visa til.

I Vestandsserien, 2. divisjon oppnådde vi 17.511 poeng på 30 noteringar, og det gav oss ein 8. plass.

Ståa til seniorgruppa er heller bedrøvelig, og utsiktene for neste sesong teiknar ikkje til framgang. Gruppa står i fare for å missa dei beste løpararne til andre klubbar.

Dette skuldast i stor grad mangel på kyndige trenarar, og at busetnaden er så spreidt at det vert vanskelig å oppnå det miljø og kameratskap som skal til for å oppmuntra til innsats.

Veterangruppa:

Denne gruppa arbeider bra, og har deltatt i 7 stafetta og plassert seg svært bra- Nr. 2 i Breimstafetten, Nr. 2 i Brøkkestafetten, Nr. 2 i Håkonsvernstafetten, vitnar om dette.

Banesesongen har vore bra, med deltaking i Veteran NM, KM i fri.idr. nasjonale stevner og seriestevner. Ein kan og visa til gode resultat er frå landeveisløp.

Gruppa har teke del i serien for veteranar og oppnådde 17.128 poeng på tjue noteringar.

Senior og veterangruppa har teke del i pokalkamp mellom Fil. AKS-77 Mjøsdalen IL og Osterøy IL.

Poengfordelinga vart:	Nr. 1	AKS-77	118 poeng
	Nr. 2	Osterøy il	90 poeng
	Nr. 3	Mjøsdalen il	89 poeng

Osterøy IL står som tilskipar i 1981.

Økonomi:

Rekneskapen for 1980 er gjort opp med eit underskot på kr. 1.542,30.

Underskotet er dekket med kr. 107,10 frå kassabekolding for 1979 og med lån kr. 1.435,20.

Gruppa har motteke kr. 4.300,- i tilskot frå hovedkassa, kr. 750,- i refunderte startpengar 79 frå Valestrandgruppa, og kr. 1.000,- som tilskot frå Osterøy Kommune til Breimstafeetten. Resten av inntektene kr. 6.917,30, er innkomne som startpengar og ved kakelotteri.

Eg vil takka styret, trenarar, medhjelparar og spesielt dei aktive utevarane for idrettsåret som er gått, og vonar på vidare godt samarbeid.

Lonevåg den 20. november 1980

Øystein Fossdal
formann

O_S_T_E_R_Ø_Y_I_D_R_O_T_T_S_L_A_G

FRI-IDROTTSGRUPPA

Driftrekneskap for 1979/1980:

	Utgifter	Inntekter
Administrasjons utgifter.....	kr. 434,30	
Startpengar / kontingentar.....	kr. 6.779,00	
Utgifter v/eigne arrangement.....	kr. 5.084,20	
Materiell og utstyr.....	kr. 442,00	
Trening /instruksjon.....	kr. 1.150,00	
Reiser.....	kr. 620,00	
Inntekter v/idrettsarrangement.....		kr. 5.361,90
Inntekter v/ikkje idrettslege arr....		kr. 1.474,00
Tilskot.....		kr. 6.050,00
Diverse.....		kr. 81,40
	kr.14.509,50	kr.12.967,30
Underskot på drifta 79/80.....		kr. 1.542,30
	<u>kr.14.509,50</u>	<u>kr.14.509,50</u>

Sluttstatus pr. 31.10.80:

Kassa/Bank/Postgiro.....	kr. 132,30	
Lån.....		kr. 1.435,20

Lonevåg 31. oktober 1980

Øystein Fossdal
formann